




Aukra kommune



Førebyggende plan 2025 – 2028

Plan for å førebygge omsorgssvikt og
atferdsproblem hos barn og unge

Innhald

Innhald.....	2
Innleiing.....	3
Situasjonsbildet i Aukra.....	5
Kompetanse.....	5
Styrkar.....	5
Svakheiter.....	6
System og Rutinar.....	7
Styrkar.....	7
Svakheiter.....	8
Handling og tiltak.....	9
Styrkar.....	9
Svakheiter.....	9
Mål.....	10
Kompetanse.....	11
System og rutinar.....	14
Handling og tiltak.....	16
Vidare arbeid med planen.....	17

Innleiing

Barnevernsreforma vart innført frå 1.1.2022. Kommunane fekk med det meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke arbeidet med førebygging og tidleg innsats.

Kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal sørgje for å samordne tenestetilbodet sitt til barn og familiar (jf. den nye vedtekne føresegna i barnevernloven § 3-1 andre ledd).

Kommunestyret skal vedta ein plan for arbeidet til kommunen med å førebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, jf. barnevernslova § 15-1 andre ledd. Målet med planen er å bidra til overordna politisk forankring av arbeidet.

Denne planen er ikkje meint å vere ein generell plan som viser alle tiltak kor det blir jobba førebyggjande mot barn- og unge i Aukra kommune, men avgrensar seg til dei tiltak som er relevante for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar. Vi veit at førebyggjande tiltak som generelt rettar seg mot barn, er spesielt verksame på dei som er sårbare. Aukra kommune sin [barne- og ungdomsplan](#) har eit klart og tydeleg budskap om førebygging for barn og unge. Den førebyggjande planen viser òg til identifiserte manglar i tiltakstilbodet.

«[Omsorgssvikt](#) er når barnet ikke får dekket fysiske, psykiske eller følelsesmessige behov, og barnet ikke får den omsorgen og beskyttelsen det trenger hjemme.»

Sjølv om denne planen omhandlar det kommunale tenestetilbodet, er det ikkje til å kome forbi at barn og unge sitt fritidstilbod – det mest i regi av lag, foreiningar og frivilligheit – er av heilt avgjerande betydning for gode oppvekstvilkår. Eit rikt og variert tilbod til barn og unge i lokalsamfunnet gjennom andre aktørar enn kommunen sjølv, er difor noko også Aukra kommune skal bidra til.

Aukra kommune har eit breitt spekter av tilbod til barn og unge. Det er både hjelpetilbod og førebyggjande tiltak. Også dei tenestene vi kanskje først og fremst tenkjer har hjelpetilbod, skal no tenkje førebygging og tiltak på gruppenivå i tillegg til individuell hjelp. Oppsummert får barn og unge sine tiltak frå oppvekstsektoren (barnehage og skole) inkludert PPT, helsesektoren (mellom anna helsestasjon og skolehelseteneste), barneverntenesta, NAV og kultursektoren. Utanfor kommunalt tenestetilbod må politiet, som kommunen har nært samarbeid med om førebygging, nemnast.

Dei kanskje viktigaste omgrepa når vi snakkar om å hindre omsorgssvikt og utvikling av problemåtferd blant barn og unge, er risiko- og beskyttelsesfaktorar. Risiko- og beskyttelsesfaktorar kan vere på individ-, familie-, vene-, skole- og nærmiljønivå. Kort forklart er risikofaktorar det som aukar faren for utvikling av psykiske eller sosiale vanskar, medan beskyttelsesfaktorar minkar sjansane for uheldige konsekvensar som følgje av ein eller fleire risikofaktorar. Til dømes veit vi at det er klare risikoar forbunde med å vekse opp i ein heim kor foreldre har utfordringar med rusmiddel, men vi veit òg at det er mogleg å sette inn tiltak som reduserer farane for dei mest negative verknadane. Når barna er små, er familiære faktorar ekstra viktig. Dess fleire risikofaktorar eit barn er utsett for, dess større er faren for uheldig utvikling, om ikkje beskyttelsesfaktorane er til stade.

Samla sett er det over 200 tilsette i Aukra kommune – innanfor oppvekst, opplæring, kultur og helse – som på ein eller annan måte jobbar med barn og unge. Av utdanning er dei tilsette – for å nemne

nokon – alt frå barnehage- og grunnskolelærarar, via helsesjukepleiarar, vernepleiarar og barnevernspedagogar, til mellom anna psykolog.

Aukra kommune tok hausten 2023 i bruk BTI-modellen. Dette etter meir enn eitt års arbeid med utvikling av modellen. BTI står for Betre Tverrfagleg innsats, og er ein modell som sikrar koordinert og tidleg innsats overfor barn og unge og deira familiar. BTI består av ein handlingsrettleiar med handlingsløype frå bekymring til handling, og ein samhandlingsmodell. Samhandlingsmodellen synleggjer mellom anna korleis planar, rutinar, møtearenaer og tiltak på dei ulike nivåa i kommunen sikrar at utsette barn får rett hjelp til rett tid.

Vidare hjelper modellen Aukra kommune i arbeidet med å...

- utvikle verktøya vi har for å bli merksame på og følgja opp barn og familiar som har behov for hjelp
- styrke det tverrfaglege samarbeidet på tvers av tenester og nivå
- auke kunnskapen til våre tilsette i arbeidet med utsette barn
- styrke brukarmedverknaden til barn og foreldre

BTI-modellen utfyller Barne- og ungdomsplanen og verdiplattforma der, samt Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Gjennom [tiltaksoversikten](#) til Aukra kommune får ein samla ein god oversikt på kva som gjerast i vår kommune for å førebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. [Samhandlingmodellen](#) viser dei overordna dokumenta som er grunnlaget for arbeidet, korleis det vert jobba og i nokre høve kven kommunen samarbeider med.

Det er òg verdt å nemne at Aukra kommune er ein [MOT](#)-kommune, har folkehelsekoordinator i full stilling som òg jobbar mot barn og unge, er ein av 10 kommunar i fylket som har [SLT](#)-koordinator (Samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet) og at våre tilsette som har med barn og unge å gjere jobbar etter prinsippa i [Trygghetssirkelen](#).



Utrydde alle former for fattigdom i heile verda

Situasjonsbildet i Aukra

Er Aukra rusta for arbeidet med å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem?

Med utgangspunkt i kartleggingar gjennomført i Aukra i 2022 føreligg det ei god oversikt over kommunen sine styrker og svakheiter knytt til arbeidet med å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblematikk. Kartleggingane som er gjennomført er tenestekartlegging i regi av kommunen og BTI-undersøking i regi av KORUS. Tenestekartlegginga vart gjort einingsvis, mens BTI-undersøkinga var ei undersøking av alle tilsette si kompetanse knytt til barn som bekymrar. Kartlegginga er gjennomført i tenester som har oppfølging av barn og unge og deira familiar i Aukra og i dei interkommunale tenestene til Aukra.

Dette kapittel gjev ikkje ei detaljert oversikt over kva vi har eller kva vi manglar, då dette er lista opp i tabellar i kapittelet Mål.

Kompetanse

Styrkar

Aukra kommune har eit stort fokus på førebygging og kompetanse på å forstå det førebyggjande arbeidet. Barnet sitt liv startar i magen til mor, med mor si historie og ressursar. Slik inngår også jordmøtenesta i Aukra kommune i det førebyggjande arbeidet.

I Aukra har utvalde tilsette i barnehagane samt helsestasjonen fått COS-P sertifisering. Det er i tillegg ICDP sertifisering av tilsette i flyktningtenesta og på helsestasjonen. COS-P og ICDP er foreldrerettleiingsprogram som blir tilbydd til foreldre i Aukra kommune.

Kommunen sin psykolog har eit tett samarbeid med skole og barnehage og tilbyr innføring i Trygghetssirkelen, traumeforståing og utviklingspsykologi for nytilsette. Fleire tilsette i skolen og alle i barnehagen har fordjupingskurs i "Se barnet/eleven innenfra". Kommunen har også tilsette med tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge.

Aukraskolen har tilsette med sosialfagleg utdanning og deira kompetanse er nytta til systemarbeid og fagleg oppfølging av sårbare elevar. Skolane har faste helsesjukepleiarar og ungdomslosar tilgjengeleg på skolen med etablert samarbeidsstruktur i form av samarbeidsavtalar. Helsesjukepleiarane jobbar i all hovudsak helseførebyggjande og er tett på ungdom i ulike helserelaterte saker. Ungdomslosane jobbar tett på ungdommar som står i fare for å falle ut av skolen. Desse funksjonane blir viktige saman med kontaktlærarfunksjonen og laget rundt barnet. Begge skolar kan tilby praktisk opplæringsarena, og det er også mogeleg med bruk av alternativ opplæringsarena utanfor kommunen.

Aukra er ein MOT-kommune med MOT-coach både i skole og i kulturavdeling. Ved hjelp av MOT sine program i skolen skal elevane jobbe med sosial læring som skal forhindre utanforskap og mobbing. Miljøarbeidarane i kulturavdelinga arbeidar med prosjektet "Møteplass for ungdom". Her ser ein verdien av å ha ein trygg vaksen på organiserte møteplassar. Aukra sin frivilligsentral samlar og aktiviserer frivilligheita og legg til rette for mangfaldige kulturtilbod.

Kulturskolen gir eit breitt tilbod innafor praktiske og estetiske fag og er ein naturleg meistringsarena for barn og unge. Opplæringa tek i vare barn og unge sine behov for og rett til å delta i kunst- og kulturaktivitetar. Kulturskolen tilbyr musikkterapi som helsetilbod.

I arbeidet med førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme har tilsette i ulike tenester fått opplæring i rolla som mentor. Mentorane deltek i etablert møteverksemd saman med politi og mentorar i Molde og jobbar etter [lokal handlingsretteleiar](#) med eigen handlingsløype.

Psykisk helse og rustenesta har oppfølging av personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rus. Hovudfokus er vaksne og ungdom. Det gis òg tilbod om rettleiing i saker som gjeld ungdom og rus.

Det er tilsett psykolog i 40 % stilling i kommunen. Psykologen arbeider på systemnivå for barn og unge. Dette inneber rettleiing, undervisning og samarbeid med leiarskap i skole, barnehage og på helsestasjon.

Satsinga barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hos born og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og skal gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområde og roller. Trykk på lenka for meir informasjon: [Barn og unges helseteneste - Helse Møre og Romsdal](#)

I Flyktningtenesta er det tilsett miljøterapeut som skal følgje opp flyktningfamiliane. Flyktningtenesta har ein stor kompetanse på traumefokusert arbeid. Dei har i fleire år samarbeida og utdanna seg i samhandling med RVTS og dei fleste tilsette er kursa i dette. NAV har utnemnt eigen ungdomskontakt som samarbeider med Aukra sin OT-kontakt (oppfølgingstenesta i fylkeskommunen).

Svakheiter

Tilbod om COS-P kurs blir foreløpig berre gitt til utvalde foreldregrupper til barn i ein viss alder. Dei som blir invitert på kurs nyttar seg ikkje av tilbodet slik det er ønskjeleg. Det har og kome tilbakemeldingar om at tidspunktet er lite hensiktsmessig for foreldregruppa. Nokre foreldre jobbar turnus og vil ikkje kunne delta 8 veker på rad.

Helsestasjonen påpeikar viktigheita med å inneha kompetanse på kognitiv åtferdsterapi og at dette bør vere på plass i eininga for å betre møte barn og unge med lettare psykiske helseplager.

Den kommunale psykisk helse- og rustenesta har vore lite utbygd for barn og unge, medan behovet har auka. Kompetansen er meir retta mot vaksne. BUP sitt nålauga er trøngt, og dermed kan barn og unge stå utan behandling frå både kommune og spesialisthelsetenesta.

Det er ei oppleving at oppgåvene i skole og barnehage aukar medan ressursane er dei same. Nok folk og rett kompetanse er ei føresetnad for tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Grunnbemanninga og laget rundt eleven må vere rigga med så mange vaksne at pårekneleg fråvær ikkje går utover dei sårbare og utsette elevane.

Fleire tilsette frå ulike tenester opplever å vere utrygg i arbeidet med barn og unge det er knytt ei bekymring til. Dei er til dømes utrygge på om dei klarer å identifisere ungdom med rusproblematikk, vald i nære relasjonar og omsorgssvikt. Kompetanse på kartlegging og identifisering av familiære forhold som er skadeleg for barn og unge kjem også fram som ein svakheit. Den vanskelege samtalen med barn og foreldre, både med etnisk norske og dei med minoritetsbakgrunn, blir viktig i denne samanheng, og kjem fram som ein svakheit i BTI-undersøkinga. Dei tilsette etterspør kunnskap kring flyktningar og minoritetsspråklege.

Tilsette i Aukra manglar kunnskap om barn som pårørande, og sjølv om det dei siste åra er jobba med ei felles rutine for barn som pårørande i Aukra kommune, er det få som kjenner til dette arbeidet.

System og Rutinar

Styrkar

Kommuneplanen sin samfunnsdel er overordna og legg føringar for korleis vi ønskjer arbeidet med barn og unge skal vere i Aukra kommune. Det er også utarbeidd ein meir detaljert barne- og ungdomsplan. Andre planar som er felles for alle er plan for psykisk helse og rus og plan for vald i nære relasjonar.

Det finnes også ein rekke rutinar og rettleiarar med ulike handlingsløyper og årshjul for tiltak. Felles for kommunen er rettleiar ved bekymring for radikaliserings og valdeleg ekstremisme og barn som pårørande.

I Barnehagane har dei plan for eit godt psykososialt miljø, skriftleg aktivitetsplan, plan for overgang til skole og rutine for når ein er bekymra for eit barn. I skole har dei plan for eit godt psykososialt miljø, skriftleg aktivitetsplan, plan for skolenærvær («Kvar dag tel») og IKO-modellen (Identifisering, kartlegging og oppfølging av skolefråvær).

Helsestasjon har utarbeidd ein samarbeidsavtale med Aukraskolen, det same har ungdomslosane i kulturavdelinga. I kulturavdelinga er det også utarbeidd rutine for ungdomslos, rutine for møteplass for ungdom og rutine for kulturskolen med retningslinjer for barn som bekymrar og samarbeidsstrukturar mellom foreldre og andre tenester. Planer og rutinar som er nemnt skal ligge tilgjengeleg i [samhandlingsmodellen for Aukra](#)

Alle tenester har sine digitale fagsystem som dei dokumenterer sitt arbeid i. Det er også eit felles saksbehandlingssystem og arkivsystem i kommunen. Kommunen er blitt meir digital og det skjer stadig forbetringar på kommunen si heimeside. Teams er blitt eit verktøy for informasjonsdeling og kommunikasjon innafor eiga teneste og på tvers. I takt med dette har det blitt lovendringar og auka fokus rundt personvernet. Dei nye føringane tvinger inn nye måtar å tenke sikker digital samhandling på.

Etter innføringa av BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats), har kommunen fått eit felles rammeverk for arbeidet med barn og unge som bekymrar. BTI bidrar til å gjer arbeidet med utsette barn meir strukturert og effektivt utan brot i oppfølginga og inneheld verktøy og rutinar som skal vere til hjelp i arbeidet. BTI-modellen i Aukra består av Samhandlingsmodell, BTI-handlingsrettleiar, Stafettlogg og Tiltaksversikt ([BTI i Aukra](#)).

«[Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#)» er ei ny nasjonal rettleiar som legg føringar for tverrfagleg samhandling i kommunane. Det er fleire gode rutinar for samarbeid i Aukra både på systemnivå og individnivå. Komplette oversikt over dei ulike samarbeidsarenaer ligg i samhandlingsmodellen til Aukra ([tverrfaglege møtearenaer i Aukra](#)). SLT-modellen og BTI-modellen tek i vare tverrfagleg møteverksemd på systemnivå for barn og unge frå 0-24 år. Førskoleteam og skolehelseteam tek i vare tverrfagleg møteverksemd på individnivå for barn og unge frå 1-15 år.

Det er utvikla ein plan for skolenærvær i Aukraskolen. Tiltaksstrappa i planen krev hyppig og fast møteverksemd mellom ulike profesjonar. Skolane prøver ut forskjellige variantar av eit slikt ressursteam/sosial-pedagogisk team som skal evaluerast.

Aukra brukar *Visma flyt samspill* som felles samhandlingsverktøy i arbeidet med utsette barn som treng barnekoordinator, alminneleg koordinator, individuell plan eller stafettlogg. Dette samhandlingsverktøyet skal bidra til brukarmedverknad, kontinuitet i arbeidet og betre samhandling mellom partane. Verktøyet imøtekjem krava om personvern.

Barn med behov for langvarige og koordinerte tenester har i dag fleire ansvarsgrupper ofte koordinert av eininga si leiing både i skole og barnehage. Enkelte barn har koordinator frå helsestasjonen. Møteverksemda i sakene er sjeldan formalisert som ei ansvarsgruppe med koordinator.

Svakheiter

Størrelsen på kommunen gjer oss sårbar då enkeltpersonar kan vere avgjerande i høve kontinuitet, samarbeid, samhandling, kompetanse, verktøy og tiltak.

Vi kan framleis bli betre på journalføring for å sikre viktig dokumentasjon i elev- og barnemapper i kommunen sitt saksbehandlingssystem, P360. Det kjem fram at fleire treng opplæring i saksbehandlingssystemet.

Under tenestekartlegginga kom det fram at dei ulike tenestene i kommunen har fleire planer, handlingsretteleiarar og rutinar knytt til barn som bekymrar. Intensjonen er god, men det er uklart om bruken av dei er god og om nytilsette får opplæring om det som finst. Opplæring av nytilsette er eit viktig leiaransvar i alle tenestekområda.

Forutan digitale verktøy finnes det også fleire typar skjema for kartlegging, samhandling og evaluering. Mange er ikkje standardiserte og dei er heller ikkje tilgjengeleg elektronisk for andre tenester enn for dei som har utarbeid dei. BTI-samhandlingsmodell vil bidra til å gjer dette meir tilgjengeleg for alle dersom einingsleiarar melder inn.

Kommunen brukar *Visma flyt samspill* i arbeidet med barnekoordinator, alminneleg koordinator og individuell plan (IP), men bruken og kompetansen er ikkje tilstrekkeleg hos tilsette i tenestene. Det er ikkje avklart kven som skal vere koordinatorar i kommunen. Det er viktig at tildelingsansvarleg vert sett i stand til å utøve oppgåvene sine slik at det blir til hjelp for kommunen sine tenester.

I saker der problematikken er psykisk helse er det ikkje lagt til rette for samarbeid mellom tilsette med behandlingskompetanse og dei som jobbar i skole og barnehage. Det finst heller ikkje fast møteverksemd i kommunen der BUP deltek med sin kompetanse. Dette minskar tilbodet om psykisk helsetenester for barn og unge. I Ny nasjonal rettleiar [psykisk helsearbeid barn og unge](#) er føringane til kommunane meir tydeleg på kva dei skal levere av tenester knytt til psykisk helsearbeid for barn og unge.

Samarbeidsstrukturen mellom kulturskolen og skole/barnehage manglar rutinar som gjer det vanskeleg med å nå felles mål og tiltak.

Enkelte av tenestene er samordna interkommunalt mellom ulike kommunar. Dette fører til større og meir robuste fagmiljø, men kan skape avstand både mellom barn, familie og aktuell teneste og også mellom tenestene. I begge undersøkingane både tenestekartlegginga og BTI-undersøkinga kjem det fram at kommunikasjonen mellom barneverntenesta kunne vore betre og at det manglar gode rutinar for tilbakemelding frå barnevernet ved melding av saker.

Det er ingen vidaregåande skole i Aukra. Ungdom med tett oppfølging av kommunen gjennom grunnskolen blir overført til fylkeskommunen sine lågterskeltenester i vidaregåande skole eller i oppfølgingstenesta (OT). At kommunen ikkje er involvert i sakene mellom grunnskolen og vaksenlivet, kan vere uheldig for sårbar ungdom.

Handling og tiltak

Styrkar

Tilsette har ved hjelp av BTI med tilhøyrande verktøy mogelegheit til å handle fullgodt ved bekymring for barn og unge. Den strukturerte arbeidsmetoden skal bidra til tidleg innsats og tverrfagleg samhandling utan brot i oppfølginga. Brukarmedverknad og dokumentasjon er viktige faktorar i BTI-modellen.

Barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal er implementert i Aukra på lik linje med andre kommunar i Møre og Romsdal og består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hos born og unge. Denne innsatsen skal gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområde og roller i arbeidet med desse plagene.

Aukra kommune er ei lita kommune med små einingar der det er lett å få oversikt og kjennskap til tilsette. Vegen er kort i høve samhandling og samordning, og det er mange smådriftsfordelar.

Det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet i Aukra er organisert etter SLT-modellen som er ein tre-nivåmodell med eigen SLT-koordinator. Det er møteverksemd på alle nivå. Politiet deltek i alle nivåa. SLT handlar om å gjer innsatsen for betre oppvekstvilkår meir effektiv ved å samordne dei gode kreftene i kommunen.

Kommunen skal ha tilgjengelege godt dokumenterte tiltak både på universelt, selektert og indikert nivå for alle aldersgrupper mellom 0-24 år og deira familiar. [Tiltaksoversikt til Aukra](#) gjev ei oversikt over desse tiltaka samt tenestene og vil vere til hjelp i arbeidet med barn som bekymrar.

Svakheiter

Utfordringar som blir spesielt peika på under kartlegginga, er den opplevde ressursmangelen på skolane og utfordringar med å få vikarar. Sjukefråvær gjer arbeidet med sårbare barn og unge vanskeleg og ein har erfart at det må vere kopla på to tilsette i skolen i utfordrande saker for å sikre kontinuitet og for å imøtekoma dei nasjonale føringar og rutinar som gjeld. Mangel på vikarar gjer at tilsette i skolen ofte ikkje får delta i viktig møteverksemd. Møta burde ideelt vore lagt til faste dagar etter skoletid.

BTI-arbeidet i kommunen og bruken av tilhøyrande verktøy, til dømes stafettloggen, er ikkje godt nok implementert i kommunen sine tenester som rammeverk i arbeidet med barn som bekymrar. Det er også uklart om tenestene har nødvendig opplæring, rutinar og samarbeidsavtalar for å jobbe godt med tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.

Det er etablert ein SLT-modell i Aukra som skal gjer innsatsen for betre oppvekstvilkår meir effektiv ved å samordne dei gode kreftene i kommunen og politiet. Ein ser likevel at flyten av informasjon og kunnskap til det utførande nivå i SLT-modellen er varierende, noko som kan minske innsatsen.

Det kjem fram i kartlegginga at dei tilsette ikkje alltid kjenner til eigne rutinar eller dei manglar rutinar i eigen eining. Døme på rutinar som er viktig å få på plass i Aukra er rutine for varsling dersom ein er bekymra for skadeleg rusbruk hos gravide.

Tiltaksoversikta til Aukra gjer ei god oversikt, men arbeidet med å samle inn alle tiltaka er enda ikkje ferdig. Det er også ei oppleving blant dei tilsette at det er for få tiltak å iverksette i arbeidet med barn og unge som bekymrar. Tiltaka har ikkje vore evaluert og det er derfor uklart om alle tiltaka er hensiktsmessig og nødvendig. Det er heller ikkje vore drøfta kva tiltak som manglar.

Det viktige koordinatarbeidet for barn og unge manglar struktur og rutine i kommunen. Dette tiltaket er derfor ikkje publisert i tiltaksoversikta per tid, men ligg på vent som eit indikert tiltak.

Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal er implementert i alle kommunar i fylket, men det er uklart om verktøyet er implementert i dei enkelte tenester i kommunen.



Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle

Mål

Måla i planen tek utgangspunkt i anbefalingane i nasjonal fagleg retningslinje [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

I dette kapittel er det laga tre tabellar med oversikt over ressursar og behov knytt til kompetanse, system og rutinar og tiltak og handling

Tenestekartlegginga og BTI-undersøkinga som blei gjennomført i samband med barnevernsreforma og innføringa av BTI-modellen, har bidratt til eit godt grunnlag for dei mål og tiltak som er sette inn i tabellane under.

Tenestekartlegginga fekk fram dei styrkar og svakheiter som fantes på eit meir overordna nivå

Fleire av tiltaka som er lagt inn i tabellane kjem frå dokumentet Forslag til kompetanseløft utarbeid i samband med BTI-undersøkinga. Resultata frå undersøkinga viste kor «skoen trykker» og kva kommunen bør legge vekt på av kompetanseløft for å vareta intensjonen med betre tverrfagleg innsats (BTI) og barn som bekymrar. Sjølv om det på fleire områder var ein høg score blant dei tilsette knytt til barn som bekymrar, er det likevel områder som må bli betre.

Kompetanse

Slik vil vi ha det	Status	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Alle tilsette som arbeider med barn og unge har kunnskap om opplysningsplikt a og avverjeplikta, og veit korleis dei skal handle for å overhalde desse.	• Rutinar knytt til bekymringsmelding til barnevern i nokre tenester • Flytskjema om vald og overgrep mot barn • Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	• Opplæring i opplysningsplikt og avverjeplikt for alle tilsette som jobbar med barn og unge i Aukra • Felles rutine for bekymringsmelding til barnevern i Aukra • Opplysningsplikt og avverjeplikt som del av kompetansepakke for nytilsette. • Informasjon om opplysningsplikt og avverjeplikt til barneverntenesta inn i BTI-handlingsretteiar • Informasjon om teieplikt og samarbeidsplikt inn i BTI-handlingsretteiar	• Tidleg oppdaging av utsatte barn og unge (retteiar). • Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. • BTI • «Teieplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder»

Slik vil vi ha det	Status	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Tilsette som arbeider med barn og unge har kompetanse i å snakke med barn og unge dei er uroa/bekymra for	- Helsesjukepleiarar og assisterande barnehagestyrarar i Aukra har deltatt på kursleiarkurs i verktøyet SNAKKE - Alle tilsette som jobbar med barn og unge i Aukra har hatt opplæring i verktøyet SNAKKE i samband med innføring av BTI-modellen	- SNAKKE skal vere del av verktøykassa for alle tilsette i tenester for barn og unge. - Verktøyet SNAKKE blir brukt i samband med opplæring i BTI-handlingsretteleiar. - Helsesjukepleiarar i skolehelsetenesta blir inviterte inn i skolen sine aktuelle møteforum og deltek i gjennomgang av BTI og verktøyet SNAKKE - Assisterande barnehagestyrarar har årleg gjennomgang av BTI og SNAKKE i barnehagane - Helsesjukepleiar tilbyr kurs i verktøyet SNAKKE for øvrige tenester i kommunen	Tidleg oppdaging av utsette barn og unge (retteleiar).

Slik vil vi ha det	Status	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Alle tilsette som arbeider med barn og unge har kompetanse på risiko- og beskyttelsesfaktorar, teikn og signal, som kan gi grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.	- Foreldre til barn i barnehage får årleg tilbod om COS-P i grupper, par eller individuelt - Helsestasjon og skolehelsetenesta tilbyr årlege kurs i COS-P til foreldre i Aukra kommune	- Sikre og styrke kunnskap om normalutvikling, beskyttelses- og risikofaktorar og teikn og signal blant alle tilsette som jobbar med barn, unge og deira familiar i Aukra ved hjelp av grunnleggjande kompetansepakke - Tema i felles opplæringsplan for nytilsette - Se eleven/barnet innenfra er ein del av verktøykassa for alle tilsette i tenester for barn og unge	- Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. - Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. - BTI - Barnevernsreform



Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder

System og rutinar

Slik vil vi ha det	Vi har	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Kommunen skal ha system for å sikre medverknad frå barn, unge og familiar, både på system- og individnivå.	• Klassens time og elevråd • Elevsamtale og utviklingssamtale i skolen • Barnesamtalar med dei eldste barna i barnehagen før foreldresamtalar • Foreldresamtale i barnehage • Ungdomsråd • FAU • Foreldremøte • Elev- og foreldreundersøking i barnehage og skole. • Ungdata • Rutinar som sikrar medverknad på individnivå i skole, barnehage og tenestene i BFH • Samhandlingsverktøy i Visma flyt samspill (stafettlogg, individuell plan)	• Auke bruk av samhandlingsverktøyet stafettlogg i tenester som jobbar med barn og unge • Sikre sjekkpunkt for medverknad i malar/verktøy/rutinar. • Etablere kommunalt FAU (KFAU) • Foreldreinvolvering ved hjelp av ulike fora i skole og barnehage	• Kompetanseløftet. Inkluderande praksis, • Laget rundt barna • BTI • Barnevernsreform • Samarbeids-, og samordningsplikt.
Alle relevante verksemdar har rutinar for korleis dei skal handle på bakgrunn av uro/bekymring for barn og unge.	• BTI-handlingsretteleiar og samhandlingsmodell • Kvar dag tel i skolen • Rutine for Rusførebygging i Aukra-skolen • Rutine for kulturskolen • Rutine ved tilvising frå fastlegar i Aukra kommune til BUP • Flytskjema for vald i nære relasjonar i alle einingar • Rutine for oppfølging av barn som pårørnde • Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal	• Årshjul for opplæring i BTI og SNAKKE • Vidareutvikle rutinen «Barn som pårørnde» • Implementere rutinen «Barn som pårørnde» • Relasjonskartlegging barn-vaksne i barnehage, skule og SFO (ser vi alle barn) • Fortsette arbeidet med å Implementere Rutine «Kvar dag tel» • Utarbeide rutine for bekymringsfullt fråvær i barnehage • utarbeide rutine for å førebyggje og handtere situasjonar der barn og unge utøvar vald? • Implementere Kjentmann og rutine for rusførebygging i Aukra-skolen	• Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge • Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis • BTI • Barnevernsreform • Samarbeid om tjenester til barn, unge og deira familiar

Slik vil vi ha det	Status	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Det er etablerte avtalar om samarbeid mellom tenester involvert i oppfølging av barn og unge det er knytt uro/bekymring til	• Samarbeidsavtale mellom helsestasjon og skole om mellom anna deltaking i undervisning i livsmeistringsprogrammet «Livet og Sånn» • Samarbeidsavtale mellom ungdomslos i kulturavdelinga og skole • Skoleteam (skole og barnevern) • Førskoleteam (barnevern og barnehage) • Felles skjema for samtykke til samhandling	• Samarbeidsavtale mellom helsestasjon og barnehage • Rutine for samarbeid mellom barnevern og barnehage • Rutine for samarbeid mellom barnevern og skole • Rutine for samarbeid mellom barnehage og PPT • Sikre samarbeid mellom oppfølgingstenesta og NAV • Rutine for dialogbasert inntak hos BUP	• Nasjonal fagleg retningslinje: Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge • Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis • Samarbeid om tjenester til barn, unge og deira familiar • Barnevernsreform • BTI
Kommunen har system for og oversikt over tverrfaglege forum der tilsette kan ta opp spørsmål relatert til identifikasjon og/eller oppfølging av utsette barn og unge	Oversikt over all tverrfagleg møteverksemd knytt til barn, unge og deira familiar ligg tilgjengeleg i kommunen sin samhandlingsmodell Systemnivå: • SLT-møter på alle tre nivå • BTI-team Individnivå: • Førskoleteam • Skoleteam • Samarbeidsmøte • Ansvarsgruppe	• Fast deltaking frå helsestasjon i forvaltningsmøte ved søknad om IP, koordinator og barnekoordinator • Tverrfagleg møteverksemd med deltaking frå psykisk helse og rus • Vidareutvikling av ansvarsgruppemøte og god møtekultur	• Kompetanseløftet. Inkluderande praksis, Laget rundt barna • BTI • Barnevernsreform • Samarbeid om tjenester til barn, unge og deira familiar

Handling og tiltak

Slik vil vi ha det	Vi har	Tiltak	Satsing og lovkrav
Kommunen skal ha tilgjengelege godt dokumenterte tiltak både på universelt, selektert og indikert nivå for alle aldersgrupper mellom 0-24 år og deira familiar.	BTI i Aukra har eigen digital nettside med oversikt over alle tiltak og tenester i Aukra. Tiltaksoversikt - Aukra kommune	- Vidareutvikle tiltaksoversikta med interkommunale tiltak og tiltak ein kan kjøpe både offentleg og privat - Gjennomgang av tiltaksoversikt for å vurdere eksisterande tiltak, identifisere område der det manglar tiltak, samt legge plan for etablering av nye tiltak etter behov - Årleg oppdatering av alle tenesteområde og tiltak	- Kompetanseløftet. Inkluderande praksis, laget rundt barnet - BTI - Barnevernsreforma

Slik vil vi ha det	Status	Slik gjer vi det	Satsing og lovkrav
Tilsette handlar på bakgrunn av uro/bekymring for barn og unge, og dokumenterer i rett verktøy	• BTI-handlingsrettleiar • Visma Flyt Samspill med samhandlings-verktøyet stafettlogg og individuell plan • Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal	• BTI som fast struktur og rammeverk i møteverksemd knytt til barn og unge • Opplæring i BTI og tilhøyrande verktøy • Systematisk bruk av verktøyet SNAKKE • Systematisk bruk av forløpa i barn og unges helsetenester i M&R • Kompetanseheving gjennom Kompetanseløftet • Kompetanseheving gjennom Tverrfagleg halvdag? • Ta i bruk samhandlingsverktøya i Visma Flyt Samspill • Utarbeide gode rutinar for samordningsplikta, Individuell plan og koordinator / barnekoordinator • Sikre god opplæring i koordinatorrolla og bruk av samhandlingsverktøya i Visma Flyt Samspill • BTI-undersøking for alle tilsette i 2028 – har svara endra seg frå 2022?	• Implementering av ei anbefaling i Nasjonal fagleg retningslinje: Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. • Kompetanseløftet. Inkluderande praksis, laget rundt barna. • BTI • Barnevernsreform • Samarbeid om tjenester til barn, unge og deira familiar

Vidare arbeid med planen

For å sikre framdrift i kommunen sitt førebyggjande arbeid og at intensjonane i denne planen blir følgt opp, vil det i november kvart år leggst opp til eit arbeidsmøte kor det utarbeidast årsplan for arbeidet. Alle einingar og tenester som arbeider med barn og unge, vil vere deltakarar. Kommunalsjef for oppvekst og kultur har overordna ansvar for arbeidsmøtet.

Ein årsplan skal mellom anna fokusere på områda kompetanse, system og rutinar og konkrete tiltak i det førebyggjande arbeidet.